

Møtebok FR 20. sept. 2023

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 20. sept 2023 kl. 17:00
Opningsord: Jørgen
Stad: Kyrjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Heine Kaldefoss (Nysæter), Nils Dale Elde (Stord), Jens Arne Stautland (Nysæter), Jørgen Knudsen (geisteleg representant), og Liv Kari Bru (kyrkjevevje/dagleg leiar).

FRÅVER: Øyvind Kyvik (kommunal representant)
Vara Torbjørn Brosvik (vara, kommunal representant), møtte heller ikkje.

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2023/22 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2023/23 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 15. juni 2023

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2023/24 131 Økonomirapport pr. 31.08.2023

Rekneskapsrapporten pr. 31.08.2023 vert teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

2023/25 112 Budsjettrevisjon 2023

Revidert driftsbudsjettet vert teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

2023/26 112 Førebels driftsbudsjett 2024

I samband med arbeidet med driftsbudsjettet, vil fellesrådet v/ kyrkjevevja be om at kommunen reduserer avstanden mellom rammetilskot og kostratal.

Samrøysta vedteke.

2023/27 020 Planstrategi

Stord kyrkjelege fellesråd sluttar seg til vedtaka som er gjort i Nysæter sokneråd og Stord sokneråd, vedk. planstrategi.

Samrøysta vedteke.

2023/28 273 Frå medarbeidersamling 21. sept. 23 til DØGNET 2024.

Fellesrådet ynskjer å bruka Martin Stærk frå KA, som ekstern ressursperson på DØGNET 2024.

Innhaldsmessig vil me halda fram med å bli kjent med kvarandre (råd og stab)

Me ynskjer å arbeida med grunnleggande ting som rolleforståing, ansvarsdeling, forventningsavklaring og generelt forholdet mellom sokneråd, fellesråd, utval og stab.

Samrøysta vedteke.

Referat, meldingar, orienteringar:

- Orientering frå Leiarforum 06.09.2023
 - Planlegging av medarbeidardagen 21. sept.
- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag & Nils
 - Har ikkje hatt møte sidan sist.
 - Skal handsama framlegg til gudstenesteplan m.m.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Jens Arne
 - Har hatt 1 møte.
 - Planarbeid i komitè og utval.
 - Basaren i oktber er utsett til mars 2024. Inntektene skal m.a. gå til utbetringar av kyrkja innvendig, dvs. inventar o.l.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Har kjøpt el-piano
 - Generell auka utleige.
 - Kyrkjestova er meir brukt av staben no. Det er svært positivt.
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
 - Kyrkjelydshus er på vent i forhold til reguleringsplan for Frugarden. Det vart gjennomført meklingsmøte mellom partane i veke 37.
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
 - Solveig Hope Angeltveit tok til i stillinga si 13. september. Ho har same stillingsdeling som Solveig Høyland, dvs 70% kyrkjelydspedagog og 30 % diakonimedarbeidar.
- Nytt frå gravplassane.
 - Kyrkjevevja har sendt statusrapport til kommunen vedr ledige graver. Denne tilseier at Frugarden byggetrinn II må starta i 2024.

- Status rehabilitering Stord kyrkje.
 - Akasia (Bergen) er engasjert som prosjektleiarar for prosjektet med ytre rehabilitering av Stord kyrkje. Kyrkjeverja har møte med dei 28.09.2023.
- Innspel til leiarsamtalen v/ Dag.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 20.sept 2023
For Stord kyrkjelege fellesråd



Dag Sele
Leiar

Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

Neste møte i fellesrådet er

09. nov. 2023 kl. 17:00